

# Rutine for bruk av jobbspesialist ved Ungdomsmottaket

## Målgruppe:

- Jobbspesialisten er eit tilbod for ungdommar som kan ha eit enda større utbytte av oppfølging i arbeidspraksis/arbeidstrening dersom ungdommen også får oppfølging av jobbspesialisten. Større utbytte betyr større moglegheit for å få læreplass og jobb. Læreplass og jobb er også ein målsetning for Ungdomsmottaket (UM). Bruk av jobbspesialist er tenkt i dei tilfella der ungdommen har eit stort oppfølgingsbehov, eller at målsetninga om læreplass eller jobb står fram som meir sannsynleg med oppfølging av jobbspesialist.
- OT-ungdom som ikkje deltar på UM kan også være i målgruppa til jobbspesialisten. Dette vil bli vurdert opp mot kapasiteten til jobbspesialisten.
- Jobbspesialisten opererer primært i Bergensområdet.

## Kostnad:

- Kr. 5000,- pr. måned

## Innsøking:

- Ved innsøking til UM vil det vere eit fast tema om det kan vere formålstenleg med ekstra oppfølging frå jobbspesialist. Det kan då bli bestemt at ungdommen også skal ha oppfølging frå Jobbspesialist allereie frå oppstart ved UM. Dersom UM etter oppstart ser at det kan vere formålstenleg med slik oppfølging, enten ved UM eller i arbeidstrening, kan UM kontakte Oppfølgingstenesta (OT) for å bli samd om slik oppfølging.
- Ved innsøking av ungdommar som ikkje skal delta på UM, skal ungdom, OT og Jobbspesialisten ha ein oppstartsamtale i forkant av oppfølginga.
- OT er ansvarlig for å søke om finansiering av jobbspesialist i kvart einiskild tilfelle.
- Søknad har same utforming og søknadsprosedyre som OT-tiltaket «Kortare kompetansegivande kurs».

## Varighet:

- Bruk av jobbspesialist skal i utgangspunktet godkjennast for 6 månader. Bruken blir vurdert kontinuerleg, og perioden kan bli forlenga, eller avbrote, ettersom vi ser det som hensiktsmessig.
- Bruk av jobbspesialist skal for den einskilde ungdom ikkje vare utover skuleåret. Dersom det ikkje føreligg særskilt grunn vil oppfølging bli avslutta pr. 30.06. i det aktuelle skuleår.

# AVKLARINGAR

## Ungdomsmottaket (UM):

UM er eit kurstilbod der ungdom får hjelp og opplæring i CV- og søknadsskriving i tillegg til andre arbeidsrelaterte tema. Det er eit gruppetilbod og oppfølginga går føre seg primært i gruppe. Ungdommane vil få hjelp til å finne bedrifter der det kan vere aktuelt å søke arbeidstrening, læreplass eller jobb. UM vil kunne hjelpe til med å starte opp arbeidstrening der det er aktuelt, og vere tilgjengeleg for ungdom og bedrift etter kapasitet.

## Jobbspesialist:

Jobbspesialisten tilbyr tett individuell oppfølging i prosessen med å finne arbeidstrening, læreplass eller jobb. Ved tiltaksgjennomføring vil jobbspesialisten være tilgjengeleg overfor både ungdom og bedrift, og ha planmessig oppfølging av begge. Når det er aktuelt vil jobbspesialisten også jobbe tett med aktuelle samarbeidspartnarar, som for eksempel fagopplæringskontoret og opplæringskontor.

## Jobbspesialisten sine arbeidsoppgåver:

Jobbspesialisten skal jobbe markedsretta for å etablere eit godt nettverk med bedrifter som kan vere med å gi ungdommane moglegheiter. Jobbspesialisten skal ved tiltaksgjennomføring følge opp både ungdom og bedrift tett. Målsetninga for dette er å sikre overgang frå tiltak til læreplass, eller jobb, der dette er mogleg.

## Målgruppe:

Både UM og jobbspesialist er eit tilbod for ungdom med ungdomsrett til vidaregåande opplæring. Ungdommen skal ha helse og motivasjon til å stå i eit tiltak eller arbeid.